



FJORD NORGE AS
Torggaten 3
5014 BERGEN

Dato: 18.04.2016
Vår ref.: 2014/19680-9
Saksbehandlar: mardixo
Dykkar ref.:

Fylkesbudsjettet for 2016: Fjord Norge AS tildeling av kr 3.000.000,- i næringsretta partnerskapsmidlar for 2016

I fylkeskommunen sitt budsjett for 2015 er det sett av kr 15,983 mill. kr på budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar». I tillegg blir det nytta kr 6,79 mill. kr av budsjettet i Handlingsplan for næringsutvikling i Hordaland (HNH 2015) til å støtte partnerar. Fordeling av støtte til partnerar som fekk fornya si støtte i 2015 og til nye partnerar blei handsama av fylkesutvalet 29.01.2016 (PS 8/2016). Her blei både årleg støttebeløp og kor mange år støtta skal gjelde for vedtatt. Totalt får 31 partnerar og utviklingsaktørar støtte frå fylkeskommunen i 2015. Den politiske saka finn de [her](#).

I denne saka blei det gjort vedtak om at Fjord Norge AS skal få kr 2.400.000 i partnerskapsmidlar pr. år for 2016 over fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar». Ytterlegare kr 600.000 vert finansiert frå fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto. Samla løyving for 2016 er kr 3.000.000. Støtta blir gitt gjennom ein ny avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Fjord Norge AS.

I sin vurdering av partnerskapsmidlar til dykk peikte fylkesutvalet på at Fjord Norge AS må kunne vise til at selskapet oppnår dei måla som er sette i avtalen mellom selskapet og fylkeskommunane på Vestlandet i perioden. Fylkesutvalet ba også fylkesordføraren ta initiativ til eit eigarmøte i selskapet, som m.a. gjev ei oppdatering på strategiarbeidet i selskapet.

Fylkeskommunen har i Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020 fått ansvar for tiltaket om å utvikle eit større og meir synleg kontormiljø for regionale utviklingsaktørar i Bergen. Dette arbeidet er i gang og vil halde fram i 2016. Fylkeskommunen vil kontakte dykk om dette arbeidet.

Rapportering for 2015 skal skje i tråd med partnerskapsavtalen. 80 % av midlane blir utbetalt no, og dei resterande 20 % blir utbetalt ved rapportering i tråd med avtale.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura(EHF) til Hordaland fylkeskommune. Fakturaen skal være utan mva. Dette kan gjerast på to måtar:

- 1) Opprett ein EHF-faktura i eige fakturasystem, og merk fakturaen med saksnummer og ressursnummer.
- 2) Opprett ein bruker og send EHF- faktura via fakturaportalen Basware SupplierPortal (gratis)
 - Link til fakturaportal på hordaland.no/tenester/tilskot

- **Link til brukarretteiing på hordaland.no/tenester/tilskot**
Ved bruk av portal skal saksnummeret nyttast som fakturanummer, og ressursnummer skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

Som mottakar av partnerskapsmidlar har de ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt partnerskapsmidlar skal betalast attende snarast.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane blir forvalta i samsvar med vilkåra for støtte frå fylkeskommunen. De pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemn-da er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjent med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson er Marta Rongved Dixon, telefon 55 23 93 16, e-post marta.rongved@gmail.com

Som partner ønskjer vi dykk lykke til arbeidet med å realisera mål, strategiar og prioriterte innsatsområde for næringsutvikling i Hordaland slik det går fram av vår partnerskapsavtale, dette tildelingsbrevet og HNH 2016.

Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre
næringssjef

Kopi: - Regionalavdelinga v/økonomi: 10.160.308

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.